
Ganga og standa er ikkje avbrigde av *gå* og *stå*

Oversyn:

- Språkrådet vedtok i 1982 at *ganga* og *standa* skulle vera klammerformer til *gå* og *stå*, og vedtok i 2011 at *ganga* og *standa* skulle takast ut or norma.
 - Desse vedtaka legg til grunn at *ganga* og *standa* er *avbrigde* av *gå* og *stå*, og ikkje for eigne *ord* å rekna.
 - Ei omgrepsfesting av kva eit *ordavbrigde* er kjem til at to ordskap er avbrigde av einannan berre når bae skapa er nedervde og tyder det same.
 - Rettskrivingsnemnda i Språkrådet har au lagt til grunn at når eitt ordskap er norsk og det andre dansk, so skal dei reknast for ulike ord, og ikkje for avbrigde.
 - Sidan *ganga* og *standa* er nedervde former, men *gå* og *stå* er innlante former, so må slutninga verta at *ganga* og *standa* er eigne ord, og ikkje avbrigde av *gå* og *stå*.
-

1 Rettskrivingsvedtak

- (1) Frå den fyrste offisielle nynorskrettskrivinga i 1901 og fram til 1938 var *gå* og *stå* «sideformer» til *ganga* og *standa* (Skard 1901: 31, 88; *Landsmål* 1918: 14).
- (2) I 1938 gjorde departementet vedtak om at «ein skal skriva» *gå* og *stå*, men at formene *ganga* og *standa* «skal det vera lov å nytta [...] i poetisk stil» (*Ny rettskriving* 1938: 19, 23).
- (3) I 1982 vedtok Språkrådet at «opplysningen 'poetisk' om ordene *gange*, *stande* [...] i ordlister utgår», og at orda *ganga* og *standa* skulle verta klammerformer, d.e. [*gange*] og [*stande*] (*Årsmelding* 1981: 29; *Årsmelding* 1982: 12).
- (4) Språkrådet skriv ikkje beint fram i vedtaket kva dei skal vera klammerformer *av*, men dei ordbøkene og ordlistene som kom etter 1982-vedtaket som departementet godkjende eller Språkrådet sjølv var med på å gjeva ut, fører alle opp *ganga* og *standa* i klammerformer til *gå* og *stå* (Hellevik 1980: 56, 62, 147, 151; Hovdenak mfl. 1986: 248,

705).

- (5) I 2011 vedtok Språkrådet at klammerformene *ganga* og *standa* av orda *gå* og *stå* «går [...] ut or norma», og at dei einaste formene i den nye rettskrivinga skulle vera *gå* og *stå* (*Ny rettskriving* 2011: 20–21, 192–194, 226; *Årsmelding* 2011).

2 Grunnlaget for vedtaka

- (6) Vedtaket i 1938 om at formene *ganga* og *standa* skulle vera «poetiske» vart ikkje grunngjeve, og det vart heller ikkje fagnemndsvedtaket i 1981 om at dei skulle verta klammerformer.

- (7) Men innstillinga i 2011 skriv:

Formene [...] [*ganga* – *gjeng/gjenger* – *gjenge/gjengi*] – [*gakk*], [...] [*standa* – *stend/stender* – *stade/stadi*] og [*statt*] har vore tilgjengelege som klammerformer lenge, utan at dei har vore brukte mykje. [...] Berre sporadisk ser me dei i skrift. Nemnda gjer derfor framlegg om at desse formene kan gå ut or rettskrivinga (*Ny rettskriving* 2011: 194).

- (8) Ombodet frå styret i Språkrådet var at rettskrivingsnemnda skulle emna til ei «stram norm for nynorsk, utan sideformer» (2011: 27).
- (9) Nemnda sjølv laga ei grunnsetning frå dette ombodet som sa at «Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, mens variantar som står sterkt, skal jamstillast», og skriv skirt at eit *ord* kan ha ymse *former* (2011: 39, 41).
- (10) Frå dette er det klårt at nemnda har lagt til grunn at *ganga* og *standa* er «former» eller «variantar» av *gå* og *stå*, og ikkje eigne ord.

3 Kva gjer ei ordform til eit avbrigde av eit anna ord?

3.1 Tyding og arv

Framlegg til omgrepsfesting:

- (11) To ordskap er avbrigde av einannan berre når dei:
- (a) har same rottydinga
 - og
 - (b) er nedervde frå same ordet

Det er ikkje nok at to ord tyder det same:

- (12) *Dråk, fesje, jente, taus* og *veikje* har alle den same tydinga, men dei er eigne ord og ikkje avbrigde av einannan av di dei har ulikt opphav.

Det er heller ikkje nok når to ord er nedervde frå same opphavet, dersom dei har ulik tyding:

- (13) *Springa* ‘renna; spretta’ og *sprekka* ‘bresta’ er baa nedervde frå gamalnorsk *springa* – *sprakk* (Bjorvand og Lindeman 2007: 1034–1036), men dei er for eigne ord å rekna når dei har ulike tydingar.

- (14) Men når *springa* har tydinga ‘bresta’ kan me seia at *springa* og *sprekka* er avbrigde.

Det er heller ikkje nok når to ord har same opphavet og same tydinga, dersom ikkje baa to er nedervde:

- (15) *Bror* ‘katolsk munk’ og *frater* ‘katolsk munk’ har same tydinga og har baa opphav i indoeuropeisk **b^hréh₂tēr* (Bjorvand og Lindeman 2007: 133). Men sidan *frater* er eit lånord, må dei reknast for to ulike ord.

- (16) I tilfelle der nynorsk har baa den nedervde norske forma og den tilsvarende innlånte danske forma, skriv nemnda at «Orda bør oppfattast som separate ord og ikkje som formvariantar» (*Ny rettskriving* 2011: 42).

Jf. desse døma på ulike ord (*Ny rettskriving* 2011; Hellevik mfl. 2012):

(17)	NORSK	DANSK	NORSK	DANSK
	blåst	blest	lekkje	lenke
	daud	død	lått	latter
	dåleg	dårleg	medan	mens
	fet	fedd	okle	ankel
	gjeta	gidda	søkkja	senka
	glo	glød	symja	svømme
	kreppa	krympa	vokster	vekst
	lag	laug	vott	vante
	led	ledd	øskje	eske

- (18) Men nemnda har ikkje hatt ei fast tilnærming på dette punktet, og skriv at ho har «teke omsyn til skriftbilete, tyding og bøyingsmønster i vår tid. Nemnda har ikkje primært sett på etymologi» (2011: 42).

Jf. desse døma på avbrigde (*Ny rettskriving* 2011; Hellevik mfl. 2012):

(19)	NORSK	DANSK	NORSK	DANSK
	bilete	bilde	ljøs	lys
	hyrne	hjørne	lækjar	lege
	kjukling	kylling	naud	nød
	lauk	løk	røde	røde
	ljød	lyd	spjut	spyd

(20) Det er likevel ugrent å sjå på kva måte døma i (19) skil seg frå dei i (17).

(21) Ein burde ha ei *fast* grunnsetning og seia at to former er åtskilde ord når ikkje baa formene er nedervde.

3.2 Bøying og rotskifte

(22) Somme ord vantar former i bøyinga si, og dei vert utfylte med former frå andre ord.

(23) Vanlege døme er lagordet *liten* og segnordet *bli*.

(24) Lagordet *liten* har inga eiga mangtalsform, og får henne utfylt frå lagordet *små*. Den bundne forma vert ofte utfylt frå lagordet *vesal* (Beito 1986: 216).

(25)	HANKJØNN	INKJEKJØNN	BUNDEN	MANGTAL
	små	smått	små(e)	små(e)
	liten	lite		↓
	vesal	vesalt	↑ vesle	vesle

(26) Segnordet *bli* får gjerne den eine eller baa fortidsformene utfylte frå segnordet *verta* (*Ny rettskriving* 2011: 177–179).

(27)	INFINITIV	PRESENS	PRETERITUM	PERFEKTUM
	verta	vert	vart	vorte
	bli	blir	↓	blitt

(28) At orda *små* og *vesal* fyller ut bøyinga av *liten* tyder ikkje at *små* og *vesal* er avbrigde av *liten*, og at *verta* fyller ut bøyinga av *bli* tyder ikkje at *verta* er eit avbrigde av *bli* (jf. *Ny rettskriving* 2011: 177–179).

(29) Slutninga er at *liten*, *små*, *vesal*, *verta* og *bli* må reknast for eigne ord.

(30) Rotskifte endrar difor ikkje på omgrepsfestinga av *avbrigde* i (11).

4 Er *ganga* og *standa* avbrigde av *gå* og *stå*?

4.1 Tyding

(31) Om *ganga* og *standa* kan tyda noko anna enn *gå* og *stå* er uvisst, for i *Norsk ordbok* vert tydingane til *ganga* og *standa* slegne i hop med tydingane til *gå* og *stå*, og i mange høve vert døme på *ganga* og *standa* skrivne om til *gå* og *stå* (Almenningen 2002; Berg-Olsen 2013).

4.2 Arv

(32) *Ganga* og *gå* er uskyldige, og kjem frå to ulike indoeuropeiske røtter (Hellquist 1948: 316; Nielsen 1989: 151, 169; Bjorvand og Lindeman 2007: 342, 403).

(33) Ordet *gå* er attåt eit lånord i norsk, og kjem frå austnordisk og/eller lågtysk (de Vries 1962: 151; Indrebø 2001: 163, 341; Hovdenak mfl. 2006: 424).

(34) Om *standa* og *stå* kan koma frå den same rota i indoeuropeisk er meir uvisst. Dei fleste synest meina at *standa* er den opphavlege forma, og at *stå* har kome fram ved ei slags jamlaging med *gå*, utan at nokon gjer greie for jamlaginga (Seebold 1970: 465; Nielsen 1989: 431; Bjorvand og Lindeman 2007: 1073).

(35) Ordet *stå* er som *gå* lånt inn i norsk frå austnordisk og/eller lågtysk (Indrebø 2001: 163, 341; Hovdenak mfl. 2006: 1198).

4.3 Bøying og rotskifte

(36) På same måte som ved *bli* i (27) vert fortidsforma til *gå* og *stå* utfylt frå orda *ganga* og *standa*.

(37)	INFINITIV	PRESENS	PRETERITUM	PERFEKTUM
	<i>ganga</i>	<i>gjeng</i>	<i>gjekk</i>	<i>gjenge</i>
	<i>gå</i>	<i>går</i>	↓	<i>gått</i>

(38)	INFINITIV	PRESENS	PRETERITUM	PERFEKTUM
	<i>standa</i>	<i>stend</i>	<i>stod</i>	<i>stade</i>
	<i>stå</i>	<i>står</i>	↓	<i>stått</i>

(39) Men som drøft ovanføre i (28–30) fører ikkje det at eit ord fyller ut bøyinga til eit anna ord til at dei to orda vert avbrigde av einannan.

4.4 Slutning

- (40) Ordsropa *ganga* og *standa* tyder mest truleg det same som *gå* og *stå*.
- (41) Orda *ganga* og *standa* er nedervde frå gamalnorsk, men *gå* og *stå* er innlånte former.
- (42) Etter omgrepsfestinga i (11) og grunnsetninga til rettskrivingsnemnda frå 2011 i (16) tyder det at *ganga* og *standa* ikkje er avbrigde av *gå* og *stå*, men må vera for eigne ord å rekna.

Referansar

- Almenningen, Olaf (2002). *gy – gåvug*. *Norsk ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Bd. 4: *Gigle – harlemmerolje*. Red. av Lars S. Vikør. Oslo: Det norske samlaget, 1093–1214.
- Beito, Olav T. (1986). *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. 2. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Berg-Olsen, Sturla (2013). *stå – ståkut*. *Norsk ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Bd. 11: *stø – tåvрут*. Red. av Oddrun Grønvik, Helge Gundersen, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. Oslo: Det norske samlaget, 47–66.
- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindeman (2007). *Våre arveord. Etymologisk ordbok*. 2. utg. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter 105. Oslo: Novus.
- Hellevik, Alf (1980). *Nynorsk ordliste. Større utgåve med fotnotar, fornorskingstillegg og liste over forkortingar*. 4. utg. 4. opplaget 1983. Oslo: Det norske samlaget.
- Hellevik, Alf, Margunn Rauset og Aud Søyland (2012). *Nynorsk ordliste*. 11. utg. Oslo: Samlaget.
- Hellquist, Elof (1948). *Svensk etymologisk ordbok*. 3. utg. Lund: C. W. K. Gleerup.
- Hovdenak, Marit, Laurits Killingbergtrø, Arne Lauvhjell, Sigurd Nordlie, Magne Rommetveit og Dagfinn Worren, red. (1986). *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Oslo: Det norske samlaget.
- . Red. (2006). *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. 4. utg. Oslo: Det norske samlaget.
- Indrebø, Gustav (2001). *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen: Norsk bokreidingsforlag.
- Landsmål* (1918). *Den nye rettskriving. Reglar og ordlistor*. Utarbeidde ved den departementale rettskrivningskomite. Bd. 2. Oslo: Det mallingske bogtrykkeri.
- Nielsen, Niels Åge (1989). *Dansk etymologisk ordbog. Ordenes historie*. 4. utg. Gyldendal.
- Ny rettskriving* (2011). *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*. Innstilling. Språkrådet.
- Ny rettskriving* (1938). *Ny rettskriving 1938. Nynorsk. Reglar og ordliste*. Utarbeidd etter tiltak av kyrkje- og undervisningsdepartementet. Oslo: Olaf Norli.
- Seebold, Elmar (1970). *Vergleichendes und etymologisches Wörterbuch der germanischen starken Verben*. *Janua linguarum. Studia memoriae Nicolai van Wijk dedicata*. Series practica 85. The Hague: Mouton.
- Skard, Matias (1901). *Landsmaalsordlista. Med rettleiding um skrivemaaten*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- de Vries, Jan (1962). *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. 2. utg. Leiden: E. J. Brill.
- Årsmelding* (1981). Norsk språkråd.
- Årsmelding* (1982). Norsk språkråd.
- Årsmelding* (2011). Språkrådet.